Multiconsult

Ekro, Rusti og Eikevegen

VA-Anlegg

Stord Vatn og avløp AS

DEL II -

Kontraktsgrunnlaget

STORD VA
Rein kvalitet

Innhaldsliste

Innhald

1. Prosjektomfang 2
2. Entrepriseform 6
3. Framdrift og fristar 6
4. Riggområde 7
5. Byggherren sine atterhald 7
6. Byggherren sine ytingar 7
7. Entreprenøren sine ytingar 8
8. Kommunikasjon og dokumenthandtering 8

1. Prosjektomfang

Omfanget av arbeidet er i hovudsak å etablera nytt VA-anlegg i Ekro, Rusti og Eikevegen på kring 480m. Det blir etablert separate leidningar for spillvatn og overvatn, og alle nye hovudtrasear blir lagt i veg. Stikkleidningar for vatn blir tilknytt samlestokk og det blir etablert hydrantar/brannventilar for å betre brannvassdekninga i området. Vassleidning oppgraderast til større dimensjon, PE ø280 i Rusti og PE ø180 i Ekro og Eikevegen. Eksisterande stikkleidningar tilkopla kommunal VA i dag vert ivareteke. For eigendommar utan stikk vert det tilrettelagt for framtidig tilkopling. Det skal etablerast ny vegoppbygning der vegen blir grave opp, elles reasfalterast.

Stord Vatn og Avløp AS stiller eigedomen Ekro 1 til disposisjon som riggplass og mellombels parkeringsareal for berørte naboar i anleggsperioden. Gjeldande leigeavtale med grunneigar har ei varigheit fram til 17.01.2028, og entreprenøren må planleggje og gjennomføre arbeidet innanfor dei rammene dette medfører. Leigeavtalen gir byggherre rett til å nytta gnbr 26/378 som riggplass og parkeringsplass til anleggsarbeidet med nytt VA -anlegg. Blant anna gjeld dette plassering av brakker, lagring av utstyr og masser samt parkering av køyretøy og anleggsmaskinar.

I samband med etablering av VA-grøft skal andre kabeletatar heilt eller delvis sanere og fornye eigne anlegg innanfor tiltaksområdet. Dette omfattar mellom anna høgspenn-,

lågspenn-, tele- og fiberanlegg. Veglys er inkludert som opsjon. Dersom opsjonen vert utløyst, skal arbeidet med veglys inngå som ein del av entreprisen og arbeidsgrunnlaget.

Fagne skal etablere ny høgspenttrase mellom Villavegen og Hystadvegen. Traseen er om lag 300 meter lang hovudgrøft (370m inkl. stikkgrøfter) og omfattar òg etablering av nytt lågspentanlegg på strekninga og i tilstøytane område, etablering av ny nettstasjon samt ombygging i eksisterande nettstasjon. Fagne held alt naudsynt materiell til eigne arbeid.

Desse arbeida utgjer ein kritisk føresetnad for prosjektet. Arbeida i Rusti kan ikkje startast opp før Fagne sine arbeid mellom Villavegen og Hystadvegen er ferdigstilt og aktuelle høgspentanlegg er teke ut av drift eller lagt om slik at gravearbeida kan gjennomførast på ein trygg måte. Arbeida i Ekro og Eikevegen er ikkje avhengige av Fagne sine arbeid og kan gjennomførast parallelt med etableringa av ny høgspenttrase og tilhøyrande anlegg.

Entreprenøren skal ta omsyn til desse avhengigheitene ved utarbeiding av framdriftsplan. Eksisterande teknisk infrastruktur som ikkje skal sanerast og erstattast, skal ivaretakast gjennom anleggsperioden. Ein må pårekna tilpassingar og omlegging der tekniske infrastruktur er i konflikt med planlagt gravearbeid.


I anleggsområdet er det avgrensa moglegheit for omkøyring. Arbeida vil i periodar medføra at eksisterande veg vert opna opp i heile vegbreidda, og det kan difor ikkje påreknast kontinuerleg framkomst for køyretøy gjennom anleggsområdet.

Entreprenøren skal planleggja og gjennomføra arbeida slik at ulemper for bebuarar vert reduserte mest mogleg. Det skal leggjast særleg vekt på å ivareta tilkomst for blålysetatar, heimeteneste, legevakt, pasienttransport, renovasjon og andre naudsynte helse- og omsorgstenester.


Entreprenøren skal aktivt koordinera arbeida mot aktuelle tenester, berørte grunneigarar og byggherren ved planlagde avbrot i framkomsten. Dersom framkomst vert redusert eller mellombels stengd, skal entreprenøren ha nødvendige tiltak tilgjengelege for rask etablering av passasje. Dette kan til dømes omfatta køyresterke stålplater eller tilsvarande løysingar tilpassa utrykkingskøyretøy og andre naudsynte transportbehov.

Ved helger, høgtider, nattestid eller andre planlagde opphald i anleggsarbeida skal grøfter og andre hinder som påverkar framkomsten sikrast med køyresterke plater eller tilsvarande løysingar der dette er nødvendig for å oppretthalda tilkomst til eigedomar og naudsynte tenester.

Entreprenøren skal som del av framdriftsplanlegginga identifisera eigedomar og brukarar med særlege behov for køyretilkomst og syta for at desse vert varsla og ivaretekne gjennom heile anleggsperioden.



Figur 1 Forenkla skisse av prosjektområdet.



Figur 2 Kartskisse av eigedom Stord Vatn og Avløp AS stiller til disposisjon som riggplass og parkeringsplass for berørte naboar i anleggsperioden.

Prosjektet omfattar følgande arbeider:

- Etablering av nytt VA-anlegg i Ekro, ca. 120 meter. Hovudtrase med VL PE ø180, SP ø160 PVC og OV ø160 PVC, med tilhøyrande kummar.
- Etablering av nytt VA-anlegg i Rusti, ca. 240 meter. Hovudtrase med VL PE ø280, SP ø250 PVC og OV ø500 DV, med tilhøyrande kummar.
- Etablering av nytt VA-anlegg i Eikevegen, ca. 120 meter. Hovudtrase med VL PE ø180, SP ø200 PVC og OV ø200 DV, med tilhøyrande kummar.
- Ny vegoppbygning og reasfaltering
- Riving og etablering av nye hekkar/murar/stolper/el-skap
- EL-grøft for Fagne mellom Villavegen nettstasjon og Hystadvegen nettstasjon, ca 300m hovedgrøft (370m inkl. stikkgrøfter), for å unngå drift på høgspentleidning gjennom Rusti i graveperioden. Etablering av nettstasjon og lågspent med tilhøyrande skap.
- Etablering av nye lågspent, fiber og teletrasear.
- Etablering av veglys (opsjon).
- Omlegging av EL-kablar, eventuelt nye kablar (avklarast i byggefase).
- Tilkopling eks. leidningsnett i Rusti, Hystadvegen, Eikevegen og Ekro.
- Riving og fjerning av eks. leidningsnett i nye grøftetrasear. Provisorisk VA-anlegg.
- Kryssing av gassleidning i Rustungvegen
- Eventuell etablering av omkøyringsveg Ekro (opsjon).

Leidningar og kummer skal kontrollerast før bestilling.

2. Entrepriseform

Prosjektet skal gjennomførast som generalentreprise. Kontrakten vil bli inngått etter NS 8405 Norsk bygge- og anleggskontrakt.

Generalentreprenøren skal ha det overordna ansvaret for koordinering av alle sine underentreprenørar og sideleverandørar. Entreprenøren skal vidare ivareta rolla som hovudbedrift etter arbeidsmiljølova og utføre dei oppgåvene som følgjer av dette ansvaret.

Byggherren vil peike ut entreprenøren som koordinator for utføringsfasen (KU) i samsvar med byggherreforskrifta.

3. Framdrift og fristar

Det er estimert oppstart 15.02.2027, med atterhald om at kontrakt er inngått og nødvendige offentlege løyve og grunnavtalar ligg føre. Tilbydar skal i tilbodet syna samla byggetid rekna i kalenderdagar frå avtalt oppstartsdato til ferdigstilling.

Tilbydar skal levere overordna realistisk framdriftsplan som viser planlagd byggetid og hovudaktivitetar. Opplyst byggetid vil ved kontraktsinngåing danne grunnlag for kontrakten og vere bindande for entreprenøren.

Entreprenøren skal etter kontraktsinngåing utarbeide detaljert framdriftsplan for godkjenning hos byggherren, før oppstart. Den godkjende framdriftsplanen skal vere ein del av kontraktsgrunnlaget.

Frist for ferdigstilling vert fastsett ved å leggje tilbydd byggetid til avtalt oppstartsdato. Ferdigstilling skal synleggjerast i entreprenørens framdriftsplan. Ferdigstilling skal skje seinast innan **17.01.2028.**

Ferdigstillingsfristen vert belagt med dagmulkt i samsvar med kontraktsbestemmingane. Sjå spesielle kontraktsbestemmingar om fristforlenging og regulering av rigg og drift.

4. Riggområde

Entreprenøren skal utarbeida ei oversikt over dei områda som takast i bruk til rigg og lagerplass for utføring av anlegget. Etter at arbeida er avslutta i eit område skal dette straks tilbakeførast til minimum same standard som då arbeida tok til.

Stord Vatn og Avløp AS stiller eigedomen Ekro 1 til disposisjon som riggplass og mellombels parkeringsareal for berørte naboar i anleggsperioden. Gjeldande leigeavtale med grunneigar har ei varigheit fram til 17.01.2028. Entreprenøren må planleggje og gjennomføre arbeidet innanfor dei rammene dette medfører. Entreprenøren kan nytte riggområdet på Ekro 1. Eventuelt behov utover dette må entreprenøren sjølv dekkje og sjølv ordne samt få på plass alle nødvendige avtalar om dette.

Entreprenøren må sjølv stille med brakkerigg for spis og skift, samt kontor/møterom for byggemøter. Riggområdet og byggeområdet skal gjerdast inn.

5. Byggherren sine atterhald

Byggherren tar atterhald om igangsetting og gjennomføring av prosjektet ut frå budsjettmessige/økonomiske vurderingar, og statlege og offentlege godkjenningar. Oppstart føreset at oppdragsgjevar har fått på plass alle grunnavtalar, slik at oppstart kan bli utsett. Innkomne tilbod kan forkastast dersom byggherren ut frå budsjettmessige grunnar ikkje igangsett utbygginga.

6. Byggherren sine ytingar

Byggherren ventar på nødvendig byggeløyve. Oppstartmelding og søknad om ansvarsrett, skal sendast så snart val av entreprenør er gjort. Ved eventuelle leveranse av materiell frå byggherren, må entreprenøren overta ansvaret for dette ved levering på riggplass.

Stikningsdata vert oversendt ved oppstart. Oppgjer blir gjort etter teoretisk profil uavhengig av stikningsdata. Entreprenør pliktar å gå gjennom stikningsdata og melde tilbake om det er større avvik.

7. Entreprenøren sine ytingar

Entreprenøren utfører alle arbeid ifølge vedlagt beskrivelse med tilhøyrande teikningar.

Entreprenøren skal halde alt naudsynt løfteutstyr, kranar, etc. for eigne arbeider.
Entreprenøren skal halde mottakskontroll, dagbok og levere kvalitetsplan.

Byggherren krev komprimert og rasjonell framdrift.

Entreprenøren skal halde avfallscontainer for eigne arbeider, også for eventuelle underentreprenørar, samt sørge for tømming av denne. Entreprenøren må sjølv sørge for rydding, reinhald og transport/tømming av avfall til container.

På entreprenøren sine vegner skal anleggsleiar utføre dagleg tilsyn med arbeidet, ta i mot byggherren sine ordrar og beskjedar - og for øvrig handle med bindande verknad for entreprenøren.

Entreprenøren skal være godkjent av kraftlaget til utføring av arbeid i samsvar med deira retningslinjer før oppstart byggeplass. Dersom ein ikkje har godkjenning må ein sjølv skaffe dette frå kraftlaget.

Entreprenøren har ansvaret for utarbeiding og godkjenning av naudsynte varslingsplanar, skiltplanar, etc. hos Statens vegvesen, Haugaland Kraft/Fagne, Telenor og Stord kommune.
Entreprenøren skal halde dialog med grunneigarar. Byggeleiar skal haldast oppdatert.

8. Kommunikasjon og dokumenthandtering

Microsoft Teams er prosjektets primære samhandlingsplattform. All ordinær kommunikasjon mellom byggherren, entreprenøren og øvrige involverte partar skal skje gjennom Microsoft Teams og i avtalte byggjemøte.

Referat frå byggjemøte, teikningar, stikningsdata, framdriftsinformasjon, endringsmeldingar, avviksmeldingar (RUH), SHA-relaterte dokument, kontrollplanar, kvalitetsdokumentasjon og anna prosjektrelatert dokumentasjon vil bli distribuert og gjort tilgjengeleg gjennom Microsoft Teams.

Entreprenøren er sjølv ansvarleg for å halde seg oppdatert på informasjon og dokumentasjon som vert publisert på plattforma. Dokument og meldingar som vert gjort

tilgjengelege i Microsoft Teams vert rekna som formelt mottekne frå publiseringstidspunktet, med mindre anna er særskilt avtalt.

Entreprenøren skal sikre at relevant personell har tilgang til og nyttar Microsoft Teams aktivt gjennom heile kontraktsperioden.

Det vil bli heldt byggemøter kvar 14. dag. Byggherren ved byggeleiar leiar møta, skriv referat og sender dette til de aktuelle partar snarast mogleg. Eventuelle innvendingar mot referatet må kome fram seinast på neste byggemøte.